

Fra: Jenny Følling (Jenny.Folling@sunnfjord.kommune.no)

Sendt: 13.05.2020 09:36:43

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål om kapasitet på skuleskyss ved gjenopning av skulane.

Vedlegg:

Spørsmål om kapasitet på skuleskyss ved gjenopning av skulane.

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skuleskyss for elevar i grunnskulen og har vedtaksmynde i slike saker.

I samband med opning av alle årstrinn frå og med veke 20, opplyser fylkeskommunen at det ikkje vil bli sett inn ekstra materiell, trass i at regjeringa har sett krav til avstand mellom elevane. Fylkeskommunen opplyser i brev til kommunane datert 08.05.20 at rutetilbodet for skulebussar vil bli innført igjen slik det var før skulane stengde ned.

Dette medfører at det kan vere elevar som ikkje kjem seg på skulen, eller at kommunar må utsette skulestart. Det vert oppmoda om at alle som har mogelegheit til å unngå bruk av kollektivtransport for å kome seg til skulen gjer dette. Det er uforutsigbart og vanskeleg for kommunane å planlegge innanfor slike rammer.

1. Kva er grunnen til at ikkje kapasiteten vert auka, når nasjonale myndigheter har sett strenge avstandskrav for elevane?
2. Er det mangel på tilgjengeleg bussmateriell, eller er det av økonomiske grunnar at fylkeskommunen ikkje aukar kapasiteten på skuleskyssen?

Mvh.

Jenny Følling